


## SITUASJONSPLAN – KVA KREVST?

Ved innsending av søknad om tiltak (tiltak = det du skal bygge/gjere) skal du etter forskrift om byggesak (SAK10) § 5-4 sende med **situasjonsplan** som viser kva du skal bygge og kvar du skal bygge.

**Situasjonsplanen** lager du på eit **situasjonskart** som du kjøper eller får utlevert av kommunen der du skal bygge. Om du har eit situasjonskart frå ei tidlegare byggesak, er det ikkje sikkert at du kan bruke det på nytt. Situasjonskartet du får frå kommunen skal alltid ta utgangspunkt i det nyaste, beste og mest nøyaktige kartgrunnlaget kommunen har. Ofte vil kommunen også sørge for at trasè for offentlege vass- og avløpsleidningar er teikna inn, og at informasjon om reguleringsregelverk, kven som eig naboeigedomar m.m. følger med.



### Korleis lese og forstå eit kart:

Når du held kartet slik at du kan lese det som står på kartet, peikar den øvste kartkanten mot nord.

På kartet er landskap og terreng grafisk framstilt. Kartet viser ei svært forminska, og litt forenkla utgåve av røynda.

Kartet har ein målestokk. Målestokken (til dømes 1:500 eller 1:1000) er eit forholdstal som fortel kor mange gongar større ein avstand er i terrenget, enn den tilsvarande avstanden på kartet. På eit kart i målestokk 1:1000 er til dømes 1 centimeter på kartet 10 meter i terrenget. Målestokk 1:500 betyr at 1 centimeter på kartet er 5 meter i terrenget.

Terrengformasjonane blir vist med noko som heiter høgdeliner (kotar). Den konstante, loddrette avstanden mellom to høgdeliner er ekvidistansen. På dei fleste situasjonskart er høgdeavstanden (ekvidistansen) mellom to høgdeliner 1 meter. Høgdelinene representerer (går gjennom) alle punkt i terrenget som har same høgde i forhold til havnivået. I bratt terreng ligg høgdelinene på kartet tett inntil kvarandre, mens dei i flate område ligg med lenger avstand.

### Lag situasjonsplanen slik:

- Lag situasjonsplanen på situasjonskart skrive ut av kommunen. Kartet bør vanlegvis vere i målestokk 1:500.
- Du må ikkje endre eller fjerne den opphavelige informasjonen på situasjonskartet når du lager situasjonsplanen.
- Teikn med rette strekar – bruk linjal.
- Dersom søknaden gjeld eit nytt bygg eller tilbygg til eit eksisterande bygg, teiknar du dette nøyaktig inn på rett stad og i riktig målestokk. Sett også inn utvendige mål på det du skal bygge.
- Dersom det er relevant må du føre inn opplysingar om den planlagte plasseringa av tiltaket og minste avstand til:
  - nabogrenser
  - nærliggjande bygningar på eigen og/eller naboeigedom
  - vegmidte (vegmide = senterline veg)

**SITUASJONSPLAN – KVA KREVST?**

- høgspenliner (luftstrek/kabel)
- vass- og avløpsleidningar
- eventuelt anna av interesse for saka


Mål avstandar frå yttervegg.

- **Teikn også inn, dersom det er relevant for søknaden:**
  - plassering og utforming av tilkomst/avkøyning
    - frisiktliner for utkøyning på offentlig veg
    - stigning på vegen inne på eigedomen
  - tilknytning til vass- og avløpsnett
  - biloppstillingsplassar og eventuell moglegheit for å snu på eigen eigedom
  - areal for uteopphald
  - retning på møne
  - nye koteliner i tillegg til eksisterande dersom tiltaket fører til endringar av terrenget (teikn inn dei nye kotelinene med stipla strek).
  - støttemurar, skjeringar og fyllingar i samband med tilverkinga av terrenget.
- Gjeld søknaden endring av eksisterande bygg, utan at grunnflata til bygget på bakken blir endra, markerer du kva bygg, eller kva del av bygget, søknaden gjeld.
- For at det skal vere lett å sjå kva bygning eller del av bygning søknaden gjeld, brukar du fargar eller skravering for å vise dette.
- Dersom situasjonskartet viser bygg som allereie er rive, skriv du «rive» på det aktuelle bygget.
- Dersom søknaden føresett at bygg blir rive, skriv du «blir rive» på det aktuelle bygget.
- Du må levere situasjonsplan på arkstørrelse A4 eller A3, og i rett målestokk.
- Leverer du søknaden elektronisk må du sende situasjonsplanen som vedlegg i eiga fil (PDF filformat med oppgitt målestokk). Gi fila namnet «situasjonsplan».
- Ver merksam på at situasjonskarta til kommunen ikkje fritar deg som tiltakshavar (tiltakshavar = byggherre / du som skal byggje) eller eventuelle ansvarlege føretak du engasjerer frå ansvaret for å gjere seg kjent med terrengforholda på staden i samband med prosjektering av terreng/høgdeplassering.

For fleire detaljar om krav til innhald, sjå NBR Spesifikasjon for situasjonskart og situasjonsplan - endelig utgave vedtatt 10.10.2002.

**SITUASJONSPLAN – KVA KREVST?**

**Døme på situasjonsplan med innhald:**



**SITUASJONSPLAN – KVA KREVST?****Sjekkliste:**

<b>Har du hugsa dette?</b>	<b>Ja</b>	<b>Uaktuelt</b>
Teikna på gyldig situasjonskart du har fått frå kommunen.		
Opphaveleg informasjon på situasjonskartet er ikkje fjerna.		
Situasjonsplanen er i målestokk (vanlegvis 1:500).		
Det du skal gjere er teikna nøyaktig inn på rett stad og i riktig målestokk.		
Det du skal byggje er påført utvendige mål.		
Minste avstandar er oppgitt frå det du skal byggje til	nabogrense	
	nærliggjande bygg på eigen eigedom	
	nærliggjande bygg på naboeigedom	
	senterline veg	
	høgspenliner (luftstrekk / jordkabel)	
	eksisterande vass-/ avløpsleidningar	
eventuelt anna av interesse for saka		
Plassering og utforming av tilkomst/avkøyring er teikna inn, stiging er oppgitt, og frisisikliner for utkøyring på offentleg veg er vist.		
Punkt for tilknytning til vass- og avløpsnett er vist.		
Biloppstillingsplassar, eventuelt også framtidig garasjeplassing, er teikna inn.		
Moglegheit for å snu bil på eigen eigedom er vist (for å unngå å ryggje ut i offentleg veg).		
Areal for uteopphald (leik og rekreasjon) er vist.		
Møneretninga på bygningen er vist.		
Terrengendringar er vist ved innteikning av nye koteliner (stipla strek). Skråningar, fyllingar og eventuelle støttemurar er teikna inn.		
Sokkelhøgde, eventuelt ein annan valt høgderreferanse, er oppgitt i meter over havet.		
Dersom kartet viser bygg som allereie er rive står det « <b>rive</b> » på desse.		
Bygg som skal bli rive er merka med « <b>blir rive</b> ».		
Dersom søknaden gjeld endring av bygg utan at grunnflata på bakken blir endra, er bygget / aktuell del av bygget markert tydeleg – til dømes med farge eller skraving.		